

Stord folkebibliotek

*Motestad for menneske,
kultur og kunnskap*



Bibliotekplan
2021-2025

Innhald

Forord

Samandrag

1) Samfunnsoppdraget for folkebiblioteka	Side
1.1 Kulturfunksjonen	4
1.2 Møteplassfunksjonen /den sosiale funksjonen	4
1.3 Informasjonsfunksjonen	5
1.4 Forum for offentlig samtale- og debatt	5
1.5 Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023. Rom for demokrati og dannelse	6
1.6 Regionale og lokale føringar	7
2) Status Stord folkebibliotek 2020	
2.1 Brukargrupper, tilrettelegging og besøk	8
2.2 Media	9
2.3 Tenestetilbod	10
2.4 Lokale	10
2.5 Personale	11
2.6 Samarbeid Sunnhordalandsbiblioteka	12
2.7 Økonomi	12
2.8 Biblioteket i ny kultureining 2020	13
2.9 Arbeidsprosessane i biblioteket, og utvikling av bibliotek og personale	13
3) Strategiar og tiltak	
3.1 Utvikle gode og aktuelle bibliotektenester for barn og ungdom	14
3.2 Vidareutvikle biblioteket som ein aktiv kunnskaps- og kulturformidlar, og eit litteraturhus	15
3.3 Desentralisering av bibliotekverksemda	16
3.4 Byggje ut samarbeidet med andre bibliotek og samarbeidspartnarar	17
3.5 Utvikle biblioteket som sosial møteplass, aktiv formidlingsinstitusjon debattarena og litteraturhus	18
3.6 Biblioteket og digital utvikling	20
3.7 Biblioteket og berekraftig utvikling	21
4) Nærare om planar og tiltak i perioden 2021-2025	
4.1 Arbeidsmoment i planperioden 2021-2025	21
4.2 Større tiltak i perioden 2021-2021	24
4.3 Referansar	25

Forord

Denne planen er ei vidareføring og revidering av bibliotekplan for perioden 2014-2018.

Ei arbeidsgruppe med folkehelsekoordinator Tove Vikanes Agdestein, bibliotekar og nestleiar ved biblioteket Kristin Sætre og biblioteksjef Bjørnar Withbro har arbeidd med planen. Fram til pensjonering hausten 2019 var også kulturkonsulent Guri Aksnes med i arbeidsgruppa.

Det er ynskjeleg at bibliotekplanen på eit seinare tidspunkt kan inngå som del av ein samla kulturplan for kommunen.

Samandrag

I planen vert fyrst handsama samfunnsoppdraget folkebiblioteka har. Dette kjem til uttrykk i dei ulike funksjonar dei har. I store kategoriar kan dette seiast å vere ein kulturfunksjon, ein informasjonsfunksjon, ein møteplassfunksjon og ein funksjon for offentleg samtale og debatt.

Hovudpunkt i nasjonale, fylkeskommunale og kommunale føringar for folkebibliotek-politikken vert også referert.

Stord folkebibliotek pr. 2020 vert presentert med utgangspunkt i brukargrupper, media, tenestetilbod, lokale, personale og økonomi.

For utviklinga framover kan det tenkjast ulike strategiar med tiltak. Desse strategiane kan tenkjast knytte til hovudarbeidsområde som innsats for barn og ungdom, formidling av kunnskap og kultur, desentralisering av folkebibliotekverksemda og samarbeid med andre instansar. Dessutan tiltak for å kunne utvikle biblioteket som formidlingsinstitusjon, møteplass og debattarena samt vidareutvikle seg, saman med kulturhuset, som eit kommunalt litteraturhus. Digitalisering og berekraft er andre element som også vil inngå i ein vidare bibliotekstrategi.

I siste del vert det sett opp ein mogleg utviklingsplan for Stord folkebibliotek for perioden 2021-2025 knytt til desse ulike strategiane. Det vert også skissert nokre moglege større tiltak og investeringar innan media, arrangement og nye stillingar ved biblioteket for perioden 2021-2025.

1) Samfunnsoppdraget for folkebiblioteka

Grunnlaget for folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag går fram av Lov om folkebibliotek sin føremålsparagraf; § 1. Her står:

§ 1 Målsetting

«Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent.»

Noko nærare kan folkebiblioteka sine oppgåver delast inn i fire hovedefunksjonar: ein kulturfunksjon, ein informasjonsfunksjon, ein møteplassfunksjon (sosial funksjon) og ein funksjon som forum for offentleg samtale og debatt.

1.1 Kulturfunksjonen

Kulturfunksjonen er i særleg grad knytt opp til lån av bøker og andre media. Ofte blir kulturfunksjonen knytt til lån av skjønnlitteratur. Utlånet av ulike typar faglitteratur, som t.d. biografier og ulike former for sakprosa vil også kunne reknast til kulturfunksjonen.

Utlånet i folkebiblioteka omfattar også andre media enn bøker. Lydbøker, film, språkkurs og musikk har vore aktuelle media, men er no mindre i bruk enn tidlegare. Som nye og aktuelle tilbod er særleg kome e-bøker (bøker som kan lånast over nett for lesing på datautstyr), og etter kvart også e-lydbøker som er for utlån.

Det er viktig å streke under at kulturfunksjonen i folkebiblioteket gjeld media og tiltak *både* for vaksne og barn.

Kulturfunksjonen kan også seiast å femne om ulike formar for formidling av litteratur gjennom forfattarmøte (levande formidling), utstillingar m.v.

Mange folkebibliotek er også involverte i ulike formar for kulturvernarbeid gjennom at dei byggjer opp lokalhistoriske samlingar med bøker, foto, dokument og lokalhistorisk kjeldemateriale. I tillegg til å byggje opp slike samlingar, er det også eit viktig moment å kunne formidle dette gjennom arrangement.

1.2 Møteplassfunksjonen /den sosiale funksjonen

Eit sentralt poeng er at folkebiblioteket skal vere ein stad for alle innbyggjarane i kommunen, uavhengig av politisk ståstad, religion og sosial bakgrunn. (Prop. 135 L (2012–2013) Endringer i lov om folkebibliotek 2013, s. 9).

I ein slik samanheng fungerer folkebiblioteket som ein uformell møtestad, eit lågterskeltilbod. Folkebiblioteket skal vere lett tilgjengeleg både geografisk og sosialt. Det skal vere lett å oppsøkje, og det må kunne nyttast som ein møteplass og ein opphaldsstad utan at det må nyttast til lån og andre ordinære bibliotekaktivitetar av brukaren.

Folkebiblioteket er kjenneteikna ved å vere ein lågintensiv møtestad, der ein møter folk som er ulik ein sjølv når det gjeld verdiar og interesser. (Audunson 2005) Slike lågintensive møter er viktige dersom vi i dagens fragmenterte og multikulturelle samfunn skal utvikle toleranse for kvarandre. Språkkaféar for norsk språktrening er eit godt eksempel på lågintensive organiserte møter mellom innvandrarak og den norskætta befolkninga. Gjennom forskjellige arrangement biblioteket tilbyr vil det og oppstå uorganiserte møter mellom menneske.

1.3 Informasjonsfunksjonen

Nokre stikkord knytte til folkebiblioteka sin informasjonsfunksjon vil vere opplysningar, informasjon og bruk av biblioteka i opplæring og utdanning.

Informasjonsfunksjonen i samband med etterutdanning og livslang læring er særleg knytt til biblioteket sin nytteverdi, og spesielt den nyttefunksjonen det har ved formell og uformell utdanning. Generell bruk av internett til søking etter informasjon og opplysningar er og ein del av biblioteket sin informasjonsfunksjon. Folkebiblioteket har ei særleg oppgåve i å kvalitetssikre informasjonssøk og hjelpe til å motverke falske nyhende.

Tilgang til gratis og kvalitetssikra informasjon til alle, slik biblioteket tilbyr, har stor samfunnsøkonomisk nytte, og legg grunnlag for at folk er opplyste, noko som igjen legg grunnlag for å delta i samfunnsdebattar.

Biblioteket har gjennom *Lov om folkebibliotek* blitt tildelt ei rolle i formidling av offentleg informasjon og bruk av offentlege nettsider og portalar. Biblioteket har her ei viktig rolle i å avverje digital analfabetisme.

1.4 Forum for offentleg samtale og debatt

Lov om folkebibliotek (folkebibliotekloven, 1986) fekk eit tillegg gjennom Prop. 135 L 2012-2013. Denne stadfestar at folkebiblioteka skal vere arena for offentleg samtale og debatt, og sikre retten til yringsfridom og legge til rette for ei open og opplyst offentleg samtale. Ein open, informativ og uavhengig debatt er naudsynt for å oppretthalde demokratiske verdiar. Den teknologiske samfunnsutviklinga har gjort at det har blitt danna fleire digitale rom der debattar kan gå føre seg, men det er uvisse rundt kor offentlege og tilgjengelege desse romma er. Det er mangel på arena der offentleg debatt kan gå føre seg, og folkebiblioteket har gjennom lovendinga fått i oppdrag å vere nettopp ein slik arena.

1.5 Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 « Rom for demokrati og dannelse»

Regjeringa la fram Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 i september 2019. I denne blir det lagt vekt på at biblioteka skal vera demokratihus.

Nasjonalbibliotek, folkebibliotek, skulebibliotek og fag- og forskingsbibliotek utgjer til saman ein viktig demokratisk infrastruktur. Biblioteka har ei viktig rolle som arena for kunnskap, danning og kritisk tenking.

Ein føresetnad for å delta i samfunnslivet og motverke ulikskap i befolkninga er tilgang til kunnskap. Biblioteka skal gje alle tilgang til kjeldene, og bidra til kritisk tenking og digital dømmekraft i befolkninga.

Biblioteka som ein demokratisk møteplass i lokalsamfunnet, er av stor verdi. Behovet for ein stad å lære, ein stad å oppleve, ein stad å møtast og ein stad å delta vil auke. Biblioteket si funksjon som møteplass spelar ei sentral rolle i integrering, i opplæring og som serviceinstitusjon i kommunane.

Tiltak i lys av ny Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 « Rom for demokrati og dannelse»

- *Biblioteket skal utvikle seg gjennom tverrfagleg samarbeid og ny kompetanse for å kunne gje eit godt tilbod og vere tilgjengeleg. På den måten vil det gje alle innbyggjarane ei kjensle av at biblioteket er der for dei, samtidig som behovet for spesiell innsats i høve til enkeltgrupper er stort.*
- *Biblioteket skal invitere til fysiske og digitale møteplassar som er tilgjengeleg for alle.*
- *Biblioteket skal formidle gratis digitale ressursar, kvalitetssikre informasjon og forskning til publikum.*
- *Biblioteket skal fungere både som litteraturhus og samfunnsarena: Det skal vere litteratur- og kulturformidling og det skal fungere som kunnskapsarena, som fremjar demokrati og folkeopplysning gjennom informasjon og arrangement.*
- *Biblioteket skal tilby offentleg samtale og debatt med vekt på aktualitet, vere ein uavhengig samfunnsarena i eit mangfaldig og fleirkulturelt samfunn.*
- *Biblioteket skal nå nye brukarar, og særleg dei som ikkje sjølv oppsøker biblioteket.*

1.6 Regionale og lokale føringar

a) Mål i regional kulturplan for Hordaland:

- Innbyggerane i Hordaland skal møte moderne og attraktive bibliotek i kvart regionscenter, kommunesenter (bydelssenter i Bergen), lokalsenter og nærsenter.
- Folkebiblioteka skal vere arenaer for kulturopplevingar, offentleg samtale og debatt for alle.
- Tal på arrangement og besøk i biblioteka skal aukast.
- Barn og ungdom skal ha tilgang til gode skulebibliotek.
- Barn og ungdom skal ha tilgang til bibliotek, som ein stad for læring, oppleving og fantasi
- Biblioteka i Hordaland skal gje innbyggerane lik tilgang til aktuelle og relevante digitale ressursar, utstyr og hjelp til å nytte dei.
- Biblioteka skal utvikle nye tilbod i dialog med brukarane
- Biblioteka skal fremje lesedugleik.
- Biblioteka skal drive aktiv formidling og tilby samlingar med kvalitet, aktualitet og breidde.
- Styrking og utvikling av forpliktande biblioteksamarbeid skal gje innbyggerane i Hordaland eit betre bibliotektilbod.
- Bibliotekpersonale skal ha den kompetansen som er naudsynt for å nå mål, møte nye utfordringar og levere gode tenester til innbyggerane.

b) Mål i kommuneplanen for Stord

- Alle barn og unge i Stord skal ha tilgang til eit folkebibliotek med høg kvalitet.
- Biblioteket skal medverke til å skape leseglede og lesedugleik.
- Folkebiblioteket skal, både for barn og vaksne, vere ein sentral møteplass og ein stad for opplevingar gjennom bøker og andre media.
- Folkebiblioteket skal vere ein informasjons- og kunnskapsbase for innbyggjarane.

c) Overordna folkehelsemål for Stord kommune

- Innbyggjarane opplever likeverdige levekår, behovstilpassa tilbod, og like høve til deltaking.
- Det er lagt til rette for at innbyggjarar har tilgang på nødvendig kunnskap og reelle høve til gode val for å ta vare på helsa.
- Stord er eit berekraftig lokalsamfunn med trygge, trivelege og inkluderande nærmiljø.

2) Status for Stord folkebibliotek pr. 2020

2.1 Brukargrupper, tilrettelegging og besøk

I 2020 brukte 545 personar biblioteka i Stord kommune. Viktige **brukargrupper** ved folkebiblioteket er:

- Barnefamiliar og barn i barnehagealder
- Barnehagar
- Skulebarn
- Skuleklassar
- Ungdom
- Vaksne som nyttar biblioteket som fritidstilbod
- Vaksne som nyttar biblioteket i samband med studium
- Grupper (både vaksne og barn) som har behov for spesielle bibliotektenester, t.d. framandspråkleg litteratur og tilpassa litteratur.

Biblioteket legg til rette besøka for ulike brukargrupper

- For barnefamiliar med barn i barnehagealder er det i løpet av året fleire litteraturformidlingsarrangement for målgruppa. Biblioteket har samarbeid med helsestasjonane om utdeling av bøker og informasjonsmateriell til foreldre.
- Barnehagegrupper er på besøk i biblioteket for lån og litteraturformidling. Biblioteket har også noko oppsøkjande teneste i barnehagar med litteraturformidling, samt utlån av bøker til barnehagane.
- For skulebarn har biblioteket klassebesøk i biblioteket med litteraturformidling og utlån, utlån av emnebøker eller bøker for lesestimulering i skulane, leseaksjonar i biblioteket sin regi og fomidlingsopplegg og arrangement for barn.
- For ungdom har biblioteket klassebesøk i biblioteket med litteraturformidling.
- Det er i 2020 tilrettelagt ein eigen ungdomsseksjon med ymse teknisk utstyr.
- For framandspråklege har biblioteket språkcafé og depot med bøker på fleire språk.
- For dei som ikkje har datamaskin heime, har biblioteket tre datamaskinar med utdrufts-moglegheit dei kan nytte i biblioteket. Dei kan og låna scanner til bruk på datamaskinane.

2.2 Media

Mediasamlinga og bruken av denne ved biblioteket var i 2020 slik:

Media	Bestand	Utlån
<i>Fagbøker for vaksne</i>	13 892	4 536
<i>Skjønnlitteratur for vaksne</i>	20 270	9 762
<i>Lydbøker for vaksne</i>	842	467
<i>Film for vaksne</i>	1 024	401
<i>E-bøker for vaksne*</i>		2522
<i>E-lydbøker for vaksne*</i>		1597
<i>Lydbøker for barn</i>	758	563
<i>Faglitteratur for barn</i>	3 470	3 246
<i>Skjønnlitteratur for barn</i>	11397	15 982
<i>Film for barn</i>	656	810
<i>E-bøker for barn*</i>		809
<i>E-lydbøker for barn*</i>		881
<i>Tidsskrifter og aviser#</i>	65	132
<i>E-tidsskrifter og e-aviser#</i>		5809

* Digitale e-bøker og e-lydbøker er eit abonnement gjennom Bibliotekutvikling Vestland.

Digitale e-tidsskrifter og e-aviser er eit abonnement frå PressReader via Bibliotekutvikling Vestland.

Tabellen over viser media som vert halde oppdatert ved innkjøp. Biblioteket har også mindre samlingar av media som ikkje vert bygd ut vidare. Dette gjeld lydbøker og språkkurs på CD, mikrofilm av lokalaviser og anna lokalhistorisk kjeldemateriale.

Tabellen viser at biblioteket følger med i den digitale utviklinga, og har vorte ein hybrid mellom digitalt materiale og papirmateriale.

Hovudbiblioteket har to større *spesialsamlingar* som vert halde oppdatert med mindre innkjøp:

1. Lokalhistorisk samling (Stord-samlinga)
2. Maritim spesialsamling (Lars og Alvilde Skarpnes si samling)

På eiga nettside har biblioteket eit omfattande slektshistorisk materiale (Hans-Magne Eikeland sin slektsbank for Sunnhordland). Både maritim spesialsamling og Slektsbanken er bygd opp på grunnlag av testamentariske gåver til kommunen/biblioteket.

Biblioteket har ei større samling kornotar som er motteke som gåve. I 2019 vart denne samlinga registrert og gjort tilgjengeleg for søking i biblioteket sin katalog.

2.3 Tenestetilbod

Det er stor breidde i folkebiblioteket sitt tenestetilbod i tillegg til utlån av bøker over disk:

- Pc-ar til bruk for publikum. Her kan dei søkja på internett, ta utskrift og bruka scanner.
- Fjernlån frå andre bibliotek, noko både studentar og mange vaksne lånarar nyttar seg av.
- Brukaropplæring for skuleklassar og barnehagegrupper, inkludert høgtlesing og formidling.
- Opplyse personar om kor dei finn ulik informasjon og opplysningar på internett, inkludert hjelp på offentlege portalar og nettsider.
- Ein lågterskel møteplass der ein kan opphalde seg og utan å gjere bruk av tilbode på staden.
- Aviskrok der ein kan sitja i fred å lesa dagens avis.
- Digital podcast
- Bokbad med lokale forfattarar
- Språkkafè i samarbeid med Internasjonal kulturklubb på Stord. Dette er samtalegrupper med norske språkvertar og asylsøkarar, flyktingar og andre framandspråklege som gjestar.
- Vidtfemnande arrangementsverksemd både for barn og vaksne. Arrangementta føregår delvis i biblioteket sin eigen regi, delvis i samarbeid med andre. Aktuelle samarbeidspartnarar dei seinare år har vore m.a.
 - Falturiltu
 - Den kulturelle skulesekken
 - Den kulturelle spaserstokken
 - Folkebiblioteka i Sunnhordland
 - Bibliotekutvikling Vestland
 - Lokale museum
 - Organisasjonar og lag som Helse Fonna, Stord kyrkjeakademi, Stord sogelag, Berekraftvekene m.fl.

2.4 Lokale

Hovudbiblioteket i Kulturhuset har eit lokale på ca. 716 m² med tre delar; seksjon for vaksne, ungdom og arrangement, seksjon for barn og ein kontorfløy. Ein mindre del av biblioteket er i seinare år innreidd som ungdomsbibliotek.

Hovudbiblioteket har eit godt og lyst lokale, og det ligg sentralt i høve til kjøpesenter og skular. For bruken av biblioteket er det ein føremøn med nærleik til kino, symjehall og arrangement i Kulturhuset. Dei ulike kulturtilboda har mange felles brukarar.

Biblioteket har vore modernisert og ominnreidd i fleire omgangar. M.a. er det kome ungdomsareal i publikumsdelen, og barneavdelinga er delvis pussa opp. Den eldre delen av hyllene i vaksenavdelinga er planlagt skifta ut over ein periode framover.

Hovudbiblioteket skulle likevel hatt ei meir sentral plassering i Kulturhuset, og vore meir opna opp med direkte innsyn og inngang. Dette har vore eit sentralt moment i samband med planar for ominnreiing og ombygging av Kulturhuset. Det har også vore eit moment å få eit større areal til biblioteket sine spesialsamlingar (lokalhistorisk samling og maritim samling) og eit større studieareal med grupperom.

Biblioteket har ein filial i Samfunnshuset på Litlabø. Biblioteket er funksjonelt, men ligg ikkje sentralt i høve til at det skal tene som lokalbibliotek både for Sagvåg og Litlabø. Det er kort opningstid ved filialen, men det er lagt opp til regelmessige bibliotekbesøk frå Sagvåg og Litlabø skular utanom vanleg opningstid. Det er nye planar for bibliotektenesta for Sagvåg og Litlabø – området i nye Nysæter ungdomsskule.

Biblioteket har pr. 2020 eit utlånstilbod som gjeld barne- og ungdomsbøker i samarbeid med Nordbygdo ungdomsskule. På Huglo har biblioteket eit mindre depot av vaksenbøker for utlån.

2.5. Personale

Pr. 2020 har biblioteket ein fast personalressurs på 4,40. Desse dekkjar til saman drifta av hovudbibliotek og filial. Biblioteket har no 2 stillingar for fagutdanna bibliotekarar (den eine biblioteksjef), og resterande tilsette med anna utdanningsbakgrunn. Blant desse bibliotektilsette er det pr. 2020 god kompetanse innan barnebibliotekararbeid, arrangement og bruk av sosiale media for marknadsføring o.a.

Stord folkebibliotek har uvanleg knapt med personale i høve til kommunestorleiken. Biblioteket har vore gjennom nedbemanning i fleire omgangar, m.a. med uheldige verknader som t.d.:

- Biblioteksjefen må i for stor grad gå inn i turnusteneste og publikumsretta arbeid, slik at det vert for lita tid til kontaktarbeid i høve til samarbeidspartnarar, planlegging og utvikling. Desse områda er viktige for utviklinga av biblioteket.
- Bibliotekverksemda for barn og ungdom har blitt for fragmentert og spreidd på for mange personar.
- Det har også vore naudsynt for biblioteket å redusere opningstida noko. I samband med dette fekk biblioteket ein meiropeløysing, der publikum kan nytte biblioteket også når det ikkje er personale til stades. Dette er likevel ikkje eit fullverdig bibliotektilbod, men eit godt tilbod til dei som ynskjar å nytta biblioteket på eige hand.

Eit bibliotek på Stord folkebibliotek sin storleik bør ha ymse kompetanse representert i personalet. Aktuelle felt som må dekkjast er :

- Administrasjon
- Strategi- og utviklingsarbeid og marknadsføring
- Tradisjonelle bibliotekfag som er del av ei bibliotekarutdanning
- Kompetanse innan formidling og arrangement for ulike aldersgrupper

- Arbeid med heimesider og sosiale media
- Kompetanse innan ulike litteraturformer
- Drift av bibliotekets datasystem
- Pedagogisk og sosial bruk av biblioteket

Stord kommune med 18.699 innbyggjarar i 2020, burde ha eit folkebibliotek med ei og ei halv stilling meir enn biblioteket har i dag, slik at grunnbemanninga hadde vore 6,00 stillingar totalt.

Høveleg ville det vera med ei grunnbemanning med 3 fagutdanna bibliotekarar og 3 bibliotekmedarbeidarar med anna bakgrunn. Til saman må desse stillingane dekkje administrasjon, strategi, publikumsfunksjonar inklusive arrangement, medieval og registrering av media, drift av biblioteket sitt datasystem og barnebibliotekararbeid.

2.6 Samarbeid Sunnhordlandsbiblioteka

Dei 8 folkebiblioteka i Sunnhordland: Austevoll, Bømlo, Kvinnherad, Stord, Fitjar, Tysnes, Sveio og Etne, har eit samarbeid med regelmessige møte for drøfting av felles saker og tiltak.

Møta har delvis vore fysiske og delvis digitale. Folkebiblioteka representerer små fagmiljø, og det er derfor nyttig å kunne utveksle røynslar og idéar saman med kollegar. Biblioteksjefane har elles eit godt samarbeid når det gjeld emne som administrasjon, økonomi m.v.

Det er nyttig og kostnadseffektivt å samarbeide særleg om publikumstiltak som forfattarbesøk, arrangement for barn (t.d. barneteater) o.a. Det er då aktuelt å kunne organisere turnéar i heile eller delar av Sunnhordland.

Det er tidssparande å samarbeide om katalogisering i felles database. Samstundes er det kostnadseffektivt å samarbeide om kompetanseoppbygging ved kurs, fagdagar o.a. Aktuelle emne er m.a. ny litteratur, faglege bibliotekemne og datadrift. Personale frå alle biblioteka vert då samla til det same faglege opplegget, og med bruk av sams kurshaldarar.

Det er elles eit potensiale for kostnadseffektivisering når det gjeld marknadsføring og kontaktarbeid for å gjere folkebiblioteka sine tilbod kjende.

2.7 Økonomi

Budsjettet for biblioteket i 2020 gir ein peikepinn på strukturen i biblioteket sine driftsutgifter. Budsjettet er på kr. 4.162.208, og er fordelt slik:

Kr. 3.497.117 til løn og sosiale utgifter

Kr. 225.000 til drift av bibliotek sitt datasystem

Kr. 235.443 til media

Kr. 148.000 til husleige/ straum Litlabø filial

Kr. 15.000 til arrangement /marknadsføring

Det går tydeleg fram at biblioteket har lite midlar til det som skal fylle bibliotekaktiviteten med innhald, media og aktivitetar. Storparten av midlane går til løn og drift.

2.8 Biblioteket i ny kultureining 2020

Frå 1.11.20 er det skipa ei ny eining for kultur i Stord kommune. Den nye eininga femnar om avdelinga for kultur og kino, kulturskule og bibliotek, og vert leia av ein kultursjef. Den nye organiseringa vil gjera det råd med eit integrert og utvida samarbeid mellom ulike kulturaktivitetar, i og utanom Kulturhuset. Det er t.d. mogleg med eit utvida samarbeid i formidlingsarbeid med musikk og litteratur, og samarbeid om lokalhistorisk formidlingsarbeid med avdeling for kultur m.v.

I ei større kultureining vil det også bli lettare å drive samla planarbeid, søkje om eksterne tilskot og arbeide for kulturfagleg utvikling for dei tilsette. Det gir biblioteket nye moglegheiter å bli del av eit slikt større kulturfagleg fellesskap.

Nyutvikling av Kulturhuset vil også vere ein del av arbeidet i ny kultureining. Delar av bibliotekdrifta vil kunne få ein meir framtrødande og sentral plass i bygget, gjennom ombygging og integrering.

2.9 Arbeidsprosessane i biblioteket, og utvikling av bibliotek og personale

Den synlege delen av arbeidsprosessane i biblioteket kjem til uttrykk gjennom utlån- og rettleiing, gjennom hjelp med innlån frå andre bibliotek, og i aukande grad også gjennom arrangement og andre former for formidlings- og kontaktarbeid. Det er gjennom desse prosessane publikum møter biblioteket.

Det interne bibliotekarbeidet gjeld m.a. val og innkjøp av media, registrering av media i biblioteket sin base og datadrift av logistikken knytt til utlånssystemet. Planlegging og gjennomføring av arrangement, skoleklassebesøk m.v. er også ein del av det interne bibliotekarbeidet, saman med dei administrative rutinane i bibliotekdrifta.

For å kunne gi eit aktuelt tilbod, vil det vera viktig at bibliotekpersonalet får høve til å fylgje med i utviklinga innan nye media, datautvikling og utviklinga i formidlingsteknikk m.v. Innhaldet i biblioteket sitt arbeid er i endring, og særleg viktig er utviklinga innan data, sosiale media m.v., og alt som har å gjere med biblioteket si rolle innan kultur, informasjon, som møteplass og som arrangementsinstans. Det vil vere ein del av arbeidsprosessen i biblioteket å avsetje nok tid dette utviklingsarbeidet.

Det interne bibliotekarbeidet er tidkrevjande, men grunnlaget for at biblioteket kan gi gode tenester i møtet med publikum.

3) STRATEGIAR OG TILTAK

I utviklinga av bibliotektenestene må innbyggjarane involverast i tråd med retningslinene for brukarmedverknad i Stord kommune

3.1 Utvikle gode og aktuelle bibliotektenester for barn og ungdom

Målsetting:

- Leggje grunnlaget for god og kontinuerleg bibliotekbruk i barne- og ungdomsår.
- Innarbeide biblioteket som eit fritidstilbod, ei kjelde til kunnskap og som ein møteplass for barn og ungdom.
- Utvikle eit godt og aktuelt bibliotektilbod for førskulebarn, skulebarn og ungdom.

Delstrategiar for å nå denne målsettinga:

a) Barn i barnehagealder

1) Aktiv formidling for barn i barnehagealder ved arrangement for heile familien av typen eventyrstund og «Bok og bolle». Desse arrangementa må kombinerast med aktivt engasjement for å nå barn, foreldre og andre vaksne med bøker.

Det bør planleggjast tre slike arrangement kvart halvår.

Til nokre av arrangementa vil det vere aktuelt å trekkje inn musikk, barneteater og forfattarbesøk så langt det er midlar til dette.

2) Samarbeid med barnehagar om utplassering av bokkassar, deltaking på foreldremøte og personalmøte i barnehagane. Ynskje om å nå foreldre og barnehagepersonale for å få etablert gode lese- og bibliotekvanar knytt til barn i barnehagealder. Samarbeidet med barnehagane planleggjast for kvart halvår.

3) Samarbeid med helsestasjonane om utdeling av biletbøker til formidling, informasjonsmateriale om biblioteket, utplassering av bokdepot.

b) Skulebarn

1) Skulebarn får tilbod om klassebesøk i biblioteket i 3. og 8. klasse, med hovudvekt på formidling av litteratur, og for å gjere elevane kjende med biblioteket.

2) Biblioteket legg til rette for leseprosjekt gjennom året for skulebarn i samband med Sommarles og Falturiltu.

3) Biblioteket legg til rette for forfattarbesøk for skuleklassar i samarbeid med Den kulturelle skulesekken og Falturiltu.

4) Folkebiblioteket og Nordbygdo ungdomsskole har eit samarbeid om utlånsordning for barn og unge i skulen sitt bibliotek.

5) Med basis i eit folkebibliotektilbod for Litlabø og Sagvåg skal biblioteket ha eit tilbod om utlån og litteraturformidling til barn og ungdom, og vere ein samarbeidspartnar for alle skulane i området

c) Ungdom

1) Biblioteket legg til rette for ulike typar arrangement for ungdom som spelturnering, brettspel og samtale og debatt. Ungdom og ungdomsorganisasjonar bør trekkjast aktivt inn i planlegginga av slike tiltak.

2) Litteratur og genrar for ungdom vert vektlagt ved klassebesøk i biblioteket. Motivering for lesing i ungdomsåra vil vere viktig ved desse besøka. Viktig er det også å vektleggje kva tenester ungdommane vil kunne få frå folkebiblioteket i fritid og utdanning.

3) Legge til rette for forfattarbesøk og handsaming av aktuelle samfunnstema, t.d. i samarbeid med Den kulturelle skulesekken og Falturiltu.

3.2 Vidareutvikle biblioteket som ein aktiv kunnskaps- og kulturformidlar, og eit kulturhus

Målsetting:

Biblioteket skal vere ei kjelde for kunnskap og informasjon, og for kulturell utvikling og inspirasjon. Det skal vidareutvikle seg i retning eit litteraturhus med debattar og arrangement, samstundes som det skal ivareta kulturvernoppgåvar knytt til lokalhistorie og lokale media.

Delstrategiar for å nå denne målsettinga:

1. Biblioteket skal vere ein plass å søkje kunnskap, opplysningar og informasjon, og med eit personale som aktivt er til hjelp for brukarane ved søking og kvalitetssikring av informasjon/kjelder.

2. Biblioteket skal leggje til rette for livslang læring, ved innkjøp av aktuelle media, innlån av media og ved å vere ein studiestad for personar som tek utdanning og vidareutdanning i vaksen alder. Biblioteket skal ha naudsynt teknisk utstyr og lokale som gjer det eigna til bruk som studiestad også i meirope tid.

3. Biblioteket skal legge til rette for debatt og arrangement som fremmer det offentlege skiftet, og søkja å vidareutvikle tenester for både forfattar og lesar.

4. Biblioteket skal ha nye og aktuelle media for alle aldersgrupper. Ved utval og innkjøp skal det leggjast vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Biblioteket må leggje vekt på ha skjønnlitteratur innan ulike genrar og faglitteratur på ulike nivå og om ulike emne.

5. Biblioteket skal drive aktiv litteraturformidling til ulike målgrupper, gjennom utstillingar og bokomtalar gjennom «levande» litteraturformidling som opplesing, dramatisering og forfattarmøte.

6. Biblioteket skal gjennom formidling av ulik art sette søkjelyset på lokal historie og kultur gjennom bruk av materiale og tema knytt til biblioteket si lokalhistoriske samling og maritim samling.

7. Biblioteket må drive aktiv informasjon om kultur- og informasjonstilbod gjennom sosiale media, presse, lag- og organisasjonar, arbeidsplassar og offentlege møtestader. Særleg viktig vil det vera å leggje vekt på å nå personar som ikkje nyttar seg av bibliotektilbodet. Og dessutan brukarar som ikkje kjenner breidda i biblioteket sitt tilbod.

3.3 Desentralisering av bibliotekverksemda

Målsetting :

Syte for at det også vert eit bibliotektilbod i dei delar av kommunen der det er naturleg å ha eit tilbod, i tillegg til hovudbiblioteket. Dette gjeld særleg Sagvåg, Litlabø og Huglo. Det er elles viktig å nå ut til grunnskulane med eit desentralisert tilbod om samarbeid om litteratur og bibliotektilbod.

Bakgrunn:

Stord er ein liten kommune i utstrekning, men vi har likevel ymse desentraliserte tilbod. Pr. 2020 gjeld dette:

Ein *filial i Samfunnshuset på Litlabø*. Denne filialen har ein lang historisk tradisjon, og bokstamma er bygd opp over fleire tiår. Filialen har tilbod både til barn og vaksne. Opningstida er pr. 2020 berre 5,50 timar i veka. I tillegg nyttar klassar frå Litlabø og Sagvåg skular regelmessig biblioteket for lån og litteraturformidling. Det er derfor rimeleg godt utlån av barnemedia frå filialen. Men det er ikkje så mange vaksne lånarar som gjer bruk av tilbodet som ynskjeleg.

I Sagvåg/ Litlabø er det om lag 5000-6000 innbyggjarar. Det er befolkningsgrunnlag for å ha en bibliotekfilial i området. Dagens filial ligg ikkje sentralt nok i området. Eit bibliotektilbod for området treng nytt og sentralt lokale, og må få utvida opningstid.

På *Huglo* har biblioteket eit mindre depot av vaksnebøker med utlån nokre timar kvar månad. Fylkesbiblioteket sin bokbåt hadde fram til våren 2020 anløp på Huglo med utlån av barnebøker, men dette tilbodet er no avvikla.

Folkebiblioteket har også eit godt samarbeid med skulane om utlån til skuleklassar ved leseprosjekt og emneprosjekt. Folkebiblioteket har også utlån direkte til barnehagar, og gjennom helsestasjonane når biblioteket foreldre med bibliotekinformatjon.

Strategiar for desentralisering framover:

- 1) Dagens tilbod i Samfunnshuset på Litlabø vert avvikla. Det vert etablert eit samarbeid med nye Nysæter ungdomsskule frå hausten 2022, med utlån til barn og ungdom. Dette vert kombinert med eit sjølvbetent utlånstilbod (meirope) til vaksne lånarar.
- 2) Det vert teke sikte på vidareføring av utlånstilboda på Nordbygdo ungdomsskule og Huglo.
- 3) Det vert laga planar for korleis utlån til barn og ungdom kan desentraliserast gjennom skular og barnehagar.
- 4) Det vert utreda arbeidsplassbibliotek og anna depotordning utanfor biblioteket.

3.4 Byggje ut samarbeidet med andre bibliotek og aktuelle samarbeidspartnarar

Målsetting:

Biblioteket har eit samarbeid med andre folkebibliotek og samarbeidspartnarar om :

- 1) Arrangement
- 2) Marknadsføring av folkebiblioteket sine tilbod
- 3) Fagleg utvikling og kompetanseutvikling
- 4) Datasystem og datautvikling

Nærare om innsatsområda:

Utvikling av idear om arrangement kan skje i samarbeid mellom biblioteka i Sunnhordland. Det kan då planleggjast felles turnear i nokre eller alle kommunane i Sunnhordland. Kostnader kan då haldast nede, og marknadsføringa av arrangementa kan samordnast.

Bibliotekutvikling Vestland (Vestland fylkeskommune) legg og til rette for kompetanseheving organisert som turnear der det kan vere aktuelt for bibliotekets tilsette å vere med.

Biblioteka i Sunnhordland kan elles ha ein gevinst av felles marknadsføringsmateriell, marknadsføringstiltak og kampanjar. Særlege viktige målgrupper å nå er dei som ikkje nyttar biblioteka, og som ikkje kjenner breidda i folkebiblioteka sine tilbod. Det er også viktig å markere biblioteksamarbeidet i Sunnhordland ved at biblioteka går ut felles og samtidig med tiltak i regionen.

Det er få tilsette på dei einskilde biblioteka i Sunnhordland. Det er derfor nyttig med utveksling av erfaringar mellom biblioteka, t.d. gjennom felles møte og kurs. Særleg er det aktuelt med felles opplegg omkring ny litteratur, arbeid mot

bestemte målgrupper, t.d. barn og innvandrarak. Biblioteka har nytte av felles utpraving av ulike tiltak, for s      kunne utveksle r  ynsler.

Alle folkebiblioteka i Sunnhordland har datasystemet Bibliofil. Stord, Fitjar og Tysnes folkebibliotek har ogs   felles database i dette systemet. Det er stadig utvikling i datasystemet, og her er det naudsynt og fruktbart med eit samarbeid.

Stord folkebibliotek sine samarbeidspartnarar

Folkebiblioteket har desse samarbeidspartnarane knytt til arrangement og fagleg arbeid og utvikling:

- **Internt i Stord kommune**

- Grunnskulebiblioteka
- Kommunale barnehagar
- Falturiltu
- Eining for kulturtenester
- Kulturskulen
- Institusjonar for eldre
- Helsestasjonane
- Den kulturelle skulesekken
- Den kulturelle spaserstokken

- **Andre samarbeidspartnarar**

- Sunnhordlandsbiblioteka (B  mlo, Kvinnherad, Fitjar, Sveio, Etne, Austevoll og Tysnes)
- Biblioteka p   H  gskulen p   Vestlandet og Stord vidareg  ande skule
- Fylkesbiblioteket
- Lag og organisasjonar
- Museum
- Private barnehagar
- Skular
- Frivilligsentralen
- Private

3.5 Vidareutvikle biblioteket som inkluderande sosial m  teplass, aktiv formidlingsinstitusjon, debattarena og litteraturhus

M  lsetting:

Biblioteket skal vera ein inkluderande m  teplass, ein institusjon som driv aktiv formidling, og eit forum for offentleg samtale og debatt.

Biblioteket skal slik realisere moment i f  rem  lsparagrafen i Lov om folkebibliotek, og vidareutvikle seg, saman med kulturhuset, som eit kommunalt litteraturhus.

Her skal barn, ungdom og vaksne m  te aktuelle forfattarak og aktuelle sp  rsm  l i samfunn og samtid. Som litteraturhus skal folkebiblioteket vera eit forum for

offentleg samtale og debatt. Litteraturhuset må utviklast gjennom planlegging og oppsett av halvårsprogram. Det vil vere ynskjeleg å ha ei blanding av faglege og litterære tema, og lokale, nasjonale og globale tema.

I utviklinga som litteraturhus er det viktig at biblioteket byggjer opp eit nettverk mot lag og organisasjonar, aktuelle instansar lokalt og mot andre bibliotek og kulturinstitusjonar.

Litteraturhuset må også vera knytt opp mot aktuell litteratur gjennom utstillingar og presentasjonar, og gjerne opp mot dei tema som er aktuelle i arrangementssamanheng.

Ein eller fleire tilsette ved folkebiblioteket bør vere hovudansvarleg for litteraturhusdrifta. Programmeringa bør skje med brukarmedverknad og i eit programråd samansett av ulike interessentar i høve til litteraturhuset. For utviklingsarbeidet er det elles naudsynt at litteraturhuset søker aktivt samarbeid med andre litteraturhus om programsamarbeid, ideutvikling m.v.

Litteraturhuset bør ha ein lavterskelprofil, og inngangspengane bør haldast så låge som mogleg. Barnearrangement bør i størst mogleg grad vera gratis.

Delstrategiar for å nå denne målsettinga:

1) Gjennom innreieing og utforming skal biblioteket gje eit innbydande inntrykk som innbyr til opphald og til møte mellom menneske. Det må leggjast vekt på at biblioteket skal stå fram som ein uformell møteplass gjennom sittegrupper og areal som innbyr til samtale og kontakt i bibliotekarealet.

2) Biblioteket lagar planar for formidling og arrangement, i eigen regi og i samarbeid med andre. Det vert lagt opp til ei rimeleg fordeling av arrangement mellom barn, ungdom, vaksne og eldre. Nokre arrangement bør leggjast opp som debattar. Nokre arrangement bør og gjelde personar som ikkje sjølv har høve til å kome til biblioteket, der biblioteket går ut med arrangement i institusjonar. Arrangement for barn bør vere gratis.

3) For alle brukargrupper er det aktuelt å trekkje inn både skjønnlitteratur og sakprosa som grunnlag for arrangementa, med ei veksling mellom desse litteraturgruppene.

4) Biblioteket må leggje til rette for «levande» litteraturformidling gjennom arrangement (særleg for barn i barnehagealder og skulebarn), men også ved forfattarmøte i biblioteket, både med skjønnlitterære forfattarar og sakprosaforfattarar.

5) For eldre på institusjon vert det lagt opp til arrangement i samarbeid med Den kulturelle spaserstokken. Det bør vera minst eit arrangement kvart år på kvar av institusjonane.

6) Biblioteket tek sikte på å vidareføre samarbeidet med dei lokale musea om arrangement. Det vert teke sikte på eit arrangement om hausten og eit arrangement om våren.

7) Biblioteket skal vere særleg merksam på nye og aktuelle emne som kan skape grunnlag for arrangement.

8) Informasjon om biblioteket, tenestene, arrangement m.v. må finnast på engelsk og andre framandspråk så langt dette er relevant og mogleg.

9) Lokale, arrangement m.v. må vera tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne

10) Biblioteket må tilretteleggje for litteraturgrupper, skriveverkstader og liknande, der eldre kan ta i bruk og utvide kunnskapar og ressursar.

3.6 Biblioteket og digital utvikling

Målsetting

Stord folkebibliotek må vera med på å motverke at det utviklar seg eit digitale skilje i befolkninga. Biblioteket må leggja til rette for at publikum kan søkja etter digital informasjon, og kunne forstå, vurdere og nyttegjera seg den. Biblioteket må ha naudsynt utstyr og kompetanse til å kunne rettleie publikum på feltet.

Delstrategiar

Dei delstrategiane folkebiblioteket må ha på feltet, vil vera knytt til utvikling av:

a) Informasjonskompetanse

Biblioteket må vere ein ressurs for digital informasjon og bidra til at publikum får tilgang til slik informasjon. Informasjonskompetanse inneber å kunne lære, oppfatte, reflektere over, lagre, bruke og presentere denne informasjonen i kunnskapssamfunnet.

b) Deltaking

Biblioteket må kartleggje kva som er relevant digital kompetanse for personar i kvardagen. Det er også viktig å utvikle digital danning, som gjeld å kunne opptre høveleg på dei forskjellige digitale arenaene.

c) Tilgang til digitale verktøy og kompetanse

Biblioteket har ein viktig funksjon i det demokratiske samfunnet ved å tilby digitale verktøy for dei som ikkje har tilgang til dette. Dette gjeld utstyr som PC, skannar, spel eller e-bøker, men også hjelp med å få tilgang til sosiale media og andre digitale plattformer.

Biblioteket må også ha arrangement/workshops og digitale tilbod i form av podcast, strømming og live-strømming for å spreie kunnskap om det digitale feltet, slik at innbygarane kan få møte digitale tilbod.

3.7 Biblioteket og berekraftig utvikling

Målsetting:

Biblioteket skal bidra til berekraftig samfunnsutvikling og at innbyggjarane kan leve sine liv på ein berekraftig måte.

Delstrategiar for å nå denne målsettinga:

1. Sikre innbyggjarane tilgang til relevant informasjon om dei tre berekraft-dimensjonane: Økonomi, miljø og sosial berekraft.
2. Arrangere debattar og aktiv formidling av kunnskap om berekraft.
3. Redusere transportbehov for brukarane gjennom oppsøkjande og desentraliserte bibliotektenester og digitalisering.
4. Aktiv og systematisk oppfølging av biblioteket sin status som miljøfyrtårn.

4) NÆRARE OM PLANAR OG TILTAK I PERIODEN 2021 - 2025

Bibliotekplanen inneheld mange tiltak på dei ulike arbeidsområda. Planen kan tene som ei ramme og hugseliste når biblioteket planlegg arbeidet sitt, og når det vert arbeidd med budsjett og liknande.

For kvart arbeidsår bør biblioteket lage hel- og halvårsplanar med moment frå dei ulike innsatsområda. Av omsyn til kapasiteten bør innsatsen delast på vår og haust, slik at nokre innsatsområde får hovudvekta kvar av sesongane.

Det går også fram av planen at biblioteket treng oppgradering og ny utvikling på ymse område. Dette er ei utvikling som bør planleggjast gjennom heile perioden 2021-2025.

Nokre tiltak vil krevje investeringar, nokre tiltak vil krevje utviding av driftsbudsjett, og nokre tiltak både investeringar og auke i driftsbudsjettet.

Innan bibliotek- og kulturområdet er det stor dynamikk. Det er ei rask utvikling i teknologi og samfunn. Dette avspeglar seg også i biblioteka. Ein rammeplan som vi no har for 2021 -2025 må derfor reviderast i samsvar med utviklinga i biblioteket sin omgjevning, lokalt, teknologisk og i samfunnet.

Felles for alle strategiar: Biblioteket skal involvere barn, ungdom, vaksne og eldre i utviklinga av tenestene.

4.1 ARBEIDSMOMENT I PLANPERIODEN 2021-2025

Tiltaka vil variere frå år til år, men det bør vere ein samanheng og plan mellom dei.

Bibliotektenester for barn og ungdom

Tiltaka under denne strategien bør vere gjennomgåande år for år i perioden

Barn i barnehagealder: Eit større tiltak 1. halvår og 2. halvår

Skulebarn: Eit større tiltak 1. halvår og 2. halvår, i tillegg til ein gjennomgåande plan for klassebesøk med litteraturformidling og utlån for ulike steg i grunnskulen.

Ungdom: Bør vere ei prioritert målgruppe i heile bibliotekplanperioden, og det bør også vere prioritert at personalet byggjer opp kompetanse i høve til ungdom og ny teknologi for ungdom.

Biblioteket som aktiv kunnskaps- og kulturformidlar

Biblioteket bør ha større tiltak som gjeld kultur-eller kunnskapsdimensjonen ved bibliotektenestene. Desse tiltaka bør kombinerast med marknadsføring av tiltaket i høve til publikum.

Tiltaka bør varierast frå år til år.

Ei mogleg vektlegging av tiltak og fordeling i perioden vil kunne vera:

2021: Tiltak for å nå nye brukarar, til dømes gjennom digitale arrangement

2022: Barnehagebibliotek ut til alle barnehagar i Stord kommune

2024: Biblioteket som studiestad og ressurs for vaksne som studerer

2025: Fokus på digital kompetanse for alle

Desentralisering av bibliotektenesta

Stord kommune er ein liten kommune i utstrekning med eit stort og sentralt plassert hovudbibliotek. Det er likevel grunnlag for å ha eit bibliotektilbod både for barn og vaksne i Sagvåg/Litlabø-området. Dette er planlagt vidareutvikla frå 2022 gjennom samarbeidet med nye Nysæter ungdomsskule.

Skulane og barnehagane i kommunen utgjer eit desentralisert nettverk for å formidle og låne ut litteratur til barn og ungdom.

I løpet av planperioden bør det også kome i gong nokre forsøk med arbeidsplassbibliotek, der folkebiblioteket driv formidling og lån utanom dei faste lokala.

Ei mogleg vektlegging og fordeling av tiltak i planperioden vil kunne vere:

2021: Grunnskulane og barnehagane som desentralisert nettverk for utlån og litteraturformidling.

2022 og 2023 : Samarbeid med nye Nysæter ungdomsskule om etablering og drift av sjølvbetent folkebibliotek i samband med skulebiblioteket

2024 og 2025: Samarbeid med institusjonane for eldre om utlån og formidling av litteratur ut over tiltaka i Den kulturelle spaserstokken.

Byggje ut samarbeid med andre bibliotek og aktuelle samarbeidspartnarar

Biblioteket bør ha større marknadsføringstiltak i samarbeid med dei andre

biblioteka i Sunnhordland. Desse marknadsføringstiltaka kan gjelde t.d. ei bestemt målgruppe, eller ei bestemt teneste som bør markerast.

Det vil og vere effektivt å samarbeide med dei andre Sunnhordlandsbiblioteka om faglig utvikling og kompetansetiltak t.d. i form av temadagar. Biblioteka har få tilsette og det er viktig å kunne utnytte røynslene til kvarandre. Det vil også vere økonomisk å kunne nytte felles kurshaldarar.

I planlegginga av arrangement vil det vere nyttig for biblioteket å ha arrangement saman med ulike samarbeidspartnarar. Biblioteket har mange samarbeidspartnarar og det bør leggjast vekt på god kontakt og godt samarbeid med desse. I halvårs- og årsplanar for arrangement bør det sytast for at alle samarbeidspartnarar er representerte i løpet av ein to-årsperiode.

Stord, Fitjar og Tysnes har felles database i bibliotekdatasystemet Biblioofil. Dette gir grunnlag for felles utvikling av tenester knytte til dette samarbeidet.

Ei mogleg vektlegging og fordeling av tiltak i planperioden for å vise breidda i folkebiblioteka sitt tilbod og For å nå ikkje-brukarar av bibliotektenester vil kunne vera:

2021: Faglege utviklingstiltak (kurs m.v.) i samarbeid med dei andre Sunnhordlandsbiblioteka

2022: Invitere dei andre Sunnhordlandsbiblioteka til ein skjønnlitterær arrangementsserie som kan gå som turne

2023 : Invitere dei andre Sunnhordlandsbiblioteka til ein arrangementsturne basert på faglege emne og faglitteratur

2024 og 2025: Gjennomføre felles marknadsføringstiltak saman med dei andre Sunnhordlandsbiblioteka.

Utvikling av biblioteket som inkluderande sosial møteplass, aktiv formidlingsinstitusjon og debattarena

Dette kan seiast å vera tre ulike sider ved folkebiblioteket si verksemd, sjølv om det er samanheng mellom dei. Biblioteket bør planleggja tiltak innan kvar av desse felta:

- *Sosial møteplass:* Biblioteket bør kontinuerleg utviklast som en uformell sosial møteplass gjennom innreiing og utforming, og dette bør vere eit viktig moment ved kjøp av inventar og utstyr.
- *Aktiv formidling:* Biblioteket bør leggje eit formidlingsaspekt til grunn for arrangementa det har, gjennom val av tema og målgruppe.
- *Debattarena:* Biblioteket bør fylgje opp aktuelle emne som kan danne grunnlag for debatt i biblioteket.

Ei mogleg vektlegging og fordeling av tiltak i planperioden vil kunne vera:

2021: Samarbeid med asylmottak, flyktningetenesta og undervisninga for framandspråklege om arrangement for flyktningar og asylsøkjjarar (i tillegg til språkkaféarrangement)

2022/2023 og 2024: Tilretteleggja for ein større debatt i biblioteket kvart av åra knytt til aktuelle emne og ulike alders- og målgrupper

2025: Personalet arbeider med opplæring i formidling gjennom arrangement, utstillingar m.v.

Biblioteket og digital utvikling

Biblioteket må ha ein digital profil i høve til brukarane gjennom å tilby digital informasjon, og å fremje brukarane si forståing og vurdering av den. Dette bør konkretiserast gjennom tiltak innan t.d. kunnskap om digitale kunnskapskjelder (kurs og liknande arrangement). Og elles trening knytt til digitale plattformer og sosiale media. Biblioteket bør ha ei gjennomtenkt haldning til målgruppa for desse tiltaka.

I planperioden skal ein ha eit gjennomgåande fokus på å auke den digitale kompetansen i befolkninga.

Biblioteket og bærekraftutvikling

Som institusjon vil folkebiblioteket på ulik måte byggje opp under folkehelse. Biblioteket bør kvart år trekkje fram desse tema gjennom:

- Ei temabokutstilling med omtale.
- Eit arrangement som har dette som tema.

4.2 STØRRE TILTAK I PERIODEN 2021-2025

Det vil gå fram av planen at biblioteket treng meir grunnleggjande opprusting på ulike område, t.d. når det gjeld auke i personale, auke i medialøyving, auke i løyving til arrangement og endringar i høve til lokale og innreiing.

I 2022 er det planlagt eit felles skule- og folkebibliotek på nye Nysæter ungdomsskule med folkebiblioteket i hovudsak organisert gjennom eit meirope bibliotek.

Investeringar er her innarbeidd i budsjettet for Nysæter ungdomsskule. I 2022 vil derfor innsatsen vere konsentrert om dette nye biblioteket.

Det er også planar om å gjera endringar i Kulturhuset, slik at delar av hovudbiblioteket kan bli flytta til 1. etasje. Men dette er ikkje avklåra førebels. Slike endringar må inn i dei ordinære investeringsbudsjetta for kommunen.

Mediabudsjettet må aukast. Utgangspunktet i 2021 er ca. kr. 250 000, som er uvanleg lågt i ein kommune med 20 000 innbyggjarar. Summen må aukast til ca. 450 000 i slutten av perioden med prisauke i tillegg. Dette kan gjerast gjennom ein opptrappingsplan. I tillegg bør det kvart av åra i perioden leggjast inn ein sum øyremerkt for arrangement. Dette er etter kvart blitt ein del av biblioteket si verksemd, og dette bør avspegle seg i at det vert avsett ein sum til føremålet i kvart budsjett.

Biblioteket har også svært knapt med personale i høve til kommunestorleiken, og bør utvidast med ei halv stilling knytt til publikumsteneste og ei halv stilling knytt til arrangement, marknadsføring og kontaktarbeid.

Denne tids- og kostnadsfestinga vert teke ut av planen, og det vert i staden vist til langtidsbudsjett og budsjett for innarbeiding av moglege nye kostnader.

4.3 Referansar

Prop. 135 L (2012–2013) Endringer i lov om folkebibliotek (2013).

Audunson, R. (2005). The public library as a meeting-place in a multicultural and digital context: The necessity of low-intensive meeting-places. *Journal of Documentation*, 61(3), 429-441.